



Hjelmås Vvs AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3960 - 19/34901

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
26.11.2019

## Etterlyser søknad om ferdigattest for minireinseanlegg - gbnr 238/13 Ekens indre

**Tiltak:** Etablering av minireinseanlegg  
**Tiltakshavar:** Rolf Femanger  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås Vvs AS

Lindås kommune viser til vedtak «Dispensasjon og løyve til tiltak etablering av minireinseanlegg gbnr 238/13 Eknes indre» datert 11.05.2016, sjå vedlegg.

Tidlegare heimelshavar av eigedom gbnr.238/13 søkte om og fekk godkjent etablering av minireinseanlegg på eigedom gbnr. 106/86

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdigstilt ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder attende om det.

Kopi av brevet går til nye heimelshavarar. De kan finne saksdokument i saka om de går inn på Lindås kommune si heimeside, [klikk her for lenke til sak 15/3960](#).

Søknadsppliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova §21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. *Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet utløpt og de må søkje om nytt løyve etter dagens regelverk.



**Frist for å søkje om ferdigattest eventuelt å melde attende om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 17.12.19.**

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdigstilt og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon og løyve til etablering av minireinseanlegg - gbnr 238/13 Eknes indre blankett 5167 søknad om ferdigattest

**Kopi til:**

Bartosz Pawel Wawruch	Eidavegen 238	5993	OSTEREIDET
Boguslawa Katarzyna Wawruch	Eidavegen 238	5993	OSTEREIDET
Hjelmås Vvs AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Hjelmås Vvs AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
----------------	-----------------	------	-------------